

## Referat frå Eldrerådsmøte.

**Tid: Måndag 23.sept. 2019, kl. 9.30-11.00.**

**Stad: Friviljugsentralen**

### **Dei som møtte:**

Eli Skjåk Teigum (helse- og miljøarbeidar på skulen)  
Unnvald Bakke, kommunalsjef, Oppvekst og utdanning  
Trude Teigen, rektor på skulen  
Tom Erik Solstad, journalist i Fjuken  
Jo Andre Sperstad Fjeld, sjef på Friviljugsentralen  
Svein Olav Karlsen, medlem av Eldrerådet i Oppland fylket ([sveinokarl@yahoo.co](mailto:sveinokarl@yahoo.co))  
Ingvar Lindstad, medlem av Eldrerådet i Oppland fylket  
Helene Rustad leiar av ungdomsrådet i Skjåk  
Heidi Brujordet, medlem av Eldrerådet  
Marit Bruheim Kvåle, medlem av Eldrerådet  
Ola Aandstad, leiar i Eldrerådet  
Elin Rø Krogstad, skrivar i Eldrerådet.

- Vi starta med kaffe og litt bli-kjent-prat. Takk til Jo Andre for fin servering.
- Ola Aandstad ynskte velkomen kl. 10.00

### **Sak 19/19 Skjåkramnar. (Same opplegget som Dagramnane)**

Svein Olav Karlsen informerte om opplegg og oppstart frå 2 skular i Fylket(Oppland). Skulane er vidaregåande skular, så prosjektet i Skjåk blir eit pilotprosjekt for barne- og ungdomsskulen.

Takk til Svein Olav Karlsen og Ingvar Lindstad som tok turen til Skjåk.

Bakgrunn for prosjektet er at ekstra, friviljuge vaksne kan gje betre tryggleik for elevane

- Motvirke einsemd
- Motvirke valdsepisodar
- Motvirke mobbing

Krav til dagramnane:

- Alder over 30 år
- Innsikt i kva ein går til

Oppgåve til Eldrerådet og andre på møtet:

- Prate med vaksne ein trur vil gjere ein innsats som Skjåkramn (Dagramn)

Kven tek ansvar for kva:

- Jo Andre på Friviljugsentralen tek imot namna på dei som vil gå som Skjåkramnar, og ordne med politiattest og taushetsattest.
- Heidi Brujordet ordnar med turnusliste og informasjonstekst til Heimesidene til kommunen og friviljugsentralen.
- Elin sender mail til Trude, rektor, for å stadfeste ein samarbeidsavtale.
- Innkalle til møte i desember for å etablere eit styre som vil arbeide for at Skjåkramnprosjektet vil halde fram.

**Oppfølgingsmøte på Friviljugsentralen 30.sept. kl. 18.00.**

**Innformasjonsmøte**

- Møtet vert annonsert i Fjuken
- Heimesidene til Friviljugsentralen og kommunen
- Elin heng opp plakatar på Bruvoll, Kjøpesenteret og Coop Skeimo

**Takk til alle som stilte på møtet.**

Skjåk 23.sept. 2019.

Elin Rø Krogstad (skrivar)